



## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad		22/102

Saksnr	Utval	Type	Dato
034/22	Formannskapet	PS	05.04.2022
017/22	Kommunestyret	PS	07.04.2022

### Tilsetjing av kommunedirektør 2022 Kommunedirektør

#### Saksutgreiing: Saksopplysningar

Stillinga som kommunedirektør vart lyst ledig med søknadsfrist 31. januar i år. Det kom 13 søkjarar innan fristen. Helge Tangen frå Alver kommune har bistått samansett utval i arbeidet med tilsetjingsprosessen. Utvalet vurderte 6 søkjarar som aktuelle til første gongs intervju. Ein av desse trekte søknaden sin, slik at 5 vart kalla inn til intervju.

I utlysinga vart det sagt dette om kva kommunen var på jakt etter i jobben:

Vi søker ein person som er:

- Systematisk, fleksibel og løysningsretta
- Oppteken av å løfte fram andre - - god rolleforståing
- Er interessert i og trivest med utviklingsoppgåver og innovasjon
- Gode samarbeidsevner og kommunikasjonsevner
- Robust og stor arbeidskapasitet - - klarer å stå i krevjande situasjonar og ta leiinga

Ordførar er den som har innhenta referansar. Han har og vore i dialog med søkjarar om å få fleire referansar hos enkelte.

I prosessen etter intervju, var det to kandidatar som peika seg ut etter utvalet si meining.

Etter ein prosess med dei to, stod utvalet igjen med Berit Rystad som vart kalla inn til andre gongs intervju 16. mars.

Berit Rystad er 55 år, ho er kommunalsjef for samfunnsutvikling i Osterøy kommune. Ho har til saman om lag 20 års erfaring frå kommunal sektor medrekna tida ho var tilsett hos Fylkesmannen (noverande Statsforvaltaren). Ho har og hatt stilling som assisterande rådmann. Ho har jobba inn mot rådmenn i tre kommunar. Kristiansand, Fjell og no Osterøy kommune. Dette er verdifull erfaring å ha med seg.

I søknaden sin trekkjer ho mellom anna fram erfaringa som arbeid med næringsutvikling både i Fjell



# Fedje kommune

og hos Statsforvaltaren då ho jobba der. For Fedje kan dette bli verdifull erfaring. Kommunen er kome litt forbi startstreken med satsing på næringsutvikling basert på turisme. Arbeidet med kommuneplanen skal starte opp når ny kommunalsjef for teknisk startar i mai. Den nye kommunedirektøren si erfaring med dette arbeidet kan vere ein verdifull bakgrunn for å gå inn i dette arbeidet. Ho har arbeidd tett opp mot politisk nivå i samfunnsutviklarrolla si. Ho har og verdifull erfaring frå feltet då ho jobba hos Statsforvaltar. Ein kommunedirektør sin rolle vil alltid vere å jobbe i spenningsfeltet mellom lokale ynskje og Statsforvaltaren sine krav. Fedje vil oppleve mange av desse spenningsfelte framover.

## Vurdering

Folkehelse, ikkje aktuelt  
Miljø, ikkje aktuelt  
Økonomi.

I arbeidskontrakten hennar er lønna sett til 1 070 000 kr pr. år. I tillegg betaling for internett m.m.

## Konklusjon

Samansett utval innstiller at Berit Rystad vert tilsett som kommunaldirektør i Fedje. Ho vert lønna med ei årslønn på 1 070 000 kr. Etter avtale med henne startar ho i jobben på Fedje 25. juli.

## Forslag til vedtak:

Berit Rystad vert tilsett som kommunaldirektør i Fedje. Ho startar i stillinga 25. juli. Lønna ved tilsetjing er 1 070 000 kr i årslønn.

## Formannskapet - 034/22

### F - behandling:

### F - vedtak:

Berit Rystad vert tilsett som kommunaldirektør i Fedje. Ho startar i stillinga 25. juli. Lønna ved tilsetjing er 1 070 000 kr i årslønn.

Samrøystes vedteke.